

[År]

Rettleiar for oppfølging av fråvær

vidaregåande skular i Vestland

AVDELING FOR OPPLÆRING OG KOMPETANSE
OPK

VESTLAND FYLKESKOMMUNE | [Firmaadresse]

Innhold:

Lovheimlar:.....	2
Oppfølging av fråvær gjeld for alle elevar i vidaregåande skule.	2
Følgje opp fråvær	2
Samanheng med andre reglar	2
Skulen må ha eit system for å følgje opp fråvær	2
Følgje opp fråvær i praksis	3
Følgje opp elevar som er i ferd med å få bekymringsfullt fråvær	3
Varsel om overskriding av fråværsgrrensa	3
Føring av fråvær	3
Korleis kan elevar dokumentere fråværet sitt?.....	4
Sjukdom	4
Verv, hjelpearbeid eller arrangement.....	4
Velferdsgrunnar	4
Organisert studiearbeid og skuleadministrative gjeremål.....	4
Føring av fråvær på vitnemål og kompetansebevis	4
Føring av fråvær i InSchool.....	5
Kodar som skal nyttast:	5
Krav om at inntil 10 skuledagar ikkje vert førte på vitnemålet/kompetansebeviset.....	6
Grunnlag for vurdering	6
Vedtak om å ikkje sette standpunktkarakter.....	6
Avklaring elevforhold	7
Hugseliste for " Systematisk oppfølging av fråvær"	8
Tips og tiltak til korleis skape eit trygt og godt klassemiljø	10
Identifisere elevar med høgt fråvær i Qlik.....	11



Rettleiar for systematisk oppfølging av frávær

Lovheimlar:

[Opplæringslova § 10-6](#)

I forskrift til ny opplæringslov er frávær regulert i desse paragrafane:

- [§ 9-1 Formålet med og grunnlaget for vurdering i fag](#)
- [§ 9-3 Standpunktkarakterar i fag](#)
- [§ 9-4 Karakterar i orden og oppførsel](#)
- [§ 9-7 Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned](#)
- [§ 9-8 Fráværsgrense i vidaregåande skule](#)
- [§ 9-9 System for føring av karakterar og frávær](#)
- [§ 9-53 Føring av frávær i vidaregåande opplæring](#)

Sjå meir om plikta til å følgje opp frávær i vidaregåande på [Udir.no](#).

Oppfølging av frávær gjeld for alle elevar i vidaregåande skule.

Fylkeskommunen skal sørge for at elevar med frávær frå opplæringa blir følgde opp, jf. oppl. § 10-6. Føremålet med oppfølgingsplikta er meir nærvær i skulen og førebyggje eit bekymringsfullt frávær, for å betre moglegheita til kvar enkelt å fullføre og bestå opplæringa.

Det blir retta stor merksemd på oppfølging av fráværet i dei vidaregåande skulane. Fylkestinget i Vestland vedtok 11. desember 2024 (PS 152/24 Årsresultat og analyse av skuleåret 2023/24) følgjande:

Hovudutval for opplæring og kompetanse har som mål å få det gjennomsnittlege fráværet under 5% for dei vidaregåande skulane i Vestland.

Følgje opp frávær

Skulen har plikt til å følgje opp alt frávær frå første dag. Oppfølgingsplikta gjeld ikkje berre ved høgt eller langvarig frávær. Elevar skal følgjast opp før dei har mista mykje opplæring, og ikkje berre når fráværet blir rekna som høgt. I mange tilfelle er det ikkje behov for nærare oppfølging frå skulen, til dømes ved vanlege helseutfordringar som går over av seg sjølv. I andre tilfelle vil det vere behov for meir oppfølging også om fráværet er kort, særleg der fráværet gjentek seg.

Skulen har stort handlingsrom, og avgjer sjølv korleis elevane skal følgjast opp. Oppfølginga må sjåast i samanheng med årsak og kor langvarig og hyppig frávær er, og korleis tiltak kan tilpassast individuelt for å ivareta opplæringsretten til eleven.

Samanheng med andre reglar

Plikta til følgje opp må også sjåast i samanheng med pliktene ein har etter reglar om [skulemiljø](#), [tilpassa opplæring](#) og fráværreglar. Frávær som medfører tap av rett til vurdering med karakter, får store konsekvensar for eleven, og skulen må finne tiltak som kan hjelpe elevane å unngå å hamne i slike situasjonar.

Skulen må ha eit system for å følgje opp frávær

For å både avdekke uheldige fráværsmønster og førebyggje frávær, vil det ofte vere nødvendig å følgje opp bakgrunnen for fráværet. Skulen har hovudansvaret for å heilskapleg følgje opp frávær. Skulen må ha rutinar for registrering av ulike typar frávær, individuell oppfølging av elevar med frávær og samarbeid med heimen. Frávær må fortløpande følgjast opp av kontaktlærar, faglærarar og rådgjevar (sjå vedlegg 5). Frávær skal vere faste punkt på klassetemamøte.

Faglærar har ansvar for å føre frávær i enkelttimar fortløpande og innan same dag, og halde oversikt over konsekvensar fráværet kan føre til når det gjeld vurdering i fag, og varsle eleven. Om



eleven er under 18 år blir føresette varsla. Faglærer skal orientere kontaktlærer om at det er gitt varsel. Kontaktlærer har ansvar for dagsfråvær og føre inn fraværskodar/dagsfråvær fortløpande.

Fraværsgreglane **gjeld alle elevar (ungdom og vaksne) i ordinære tilbod**. Vaksne i eigne vaksenopplæringstilbod skal ikkje følgje desse reglane for fråvær. Dersom elevar sluttar før 1. september, byrjar på annan skule, har fått læreplass eller har fått ordinært arbeid, skal rutinen ikkje følgjast. Skulen skal då berre dokumentera at eleven har avbrote opplæringa ved skulen. For meir informasjon, sjå eige rundskriv om [fraværsgrensa](#).

Følgje opp fråvær i praksis

- Skulen (kontaktlærer/faglærer/eigne team) skal følgje opp fråvær og ta kontakt med eleven raskast mogeleg.
- Dersom fråvær nærmar seg fraværsgrensa i fag (heilårstimetalet), eller det er manglande vurderingsgrunnlag, skal skulen invitere til samtale med elev og føresette dersom ein ikkje allereie har hatt dialog om fråvær. Samtalen kan gjennomførast digitalt eller per telefon. Det skal drøftast tiltak med elev/føresette, og i samarbeid med faglærarar. Dersom rådgjevar er bekymra for fråværet, skal det drøftast i ressursteam med til dømes RLT/helsesjukepleiar.
- Dersom eleven berre har fråvær i eitt fag, bør faglærer gjennomføre samtalen.
- Referat frå samtalen eller oppsummering frå tidlegare samtalar skal lagrast i eige skjema(lenke: https://tjenester.vlfk.no/opplaering/person/oppfolging_fravaer) Denne blir automatisk lagra i eleven si mappe i Elements.

Følgje opp elevar som er i ferd med å få bekymringsfullt fråvær

- Fravær kan til dømes vere bekymringsfullt dersom det ikkje har ein klar årsak, det er særleg høgt i enkeltfag, eleven har faglege eller relasjonelle vanskar eller om eleven har konflikt med lærar og elevar.
- Dersom skulen ser at ein elev er i ferd med å få eit bekymringsfullt fråvær skal dette drøftast i ressursteam, og finne gode tiltak slik at eleven kan halde fram på skulen.
- Dersom skulen ikkje får kontakt med eleven, skal det sendast melding der eleven blir bedt om å avklare elevforholdet (sjå eige skriv under). Dette skal lagrast i elevmappa i Elements og tildelast til OT-rådgjevar. Oppfølgingstenesta har vidare oppfølgingsansvaret for ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring ut det året dei fyller 24 år.

Varsel om overskriding av fraværsgrensa

Elevar skal få varsel når dei er i fare for å overskride fraværsgrensa i eit fag. For elevar som er under 18 år skal føresette også varslast. Det kan vere føremålstenleg når fraværet er på ca. 5% av årstimetalet. Varsling skal òg skje ved andre grunnar som gjer at det ikkje kan gjevast halvårsvurdering med karakter ved skuleslutt eller standpunktkarakter.

Føring av fråvær

Fravær skal førast i InSchool snarast etter at timane er gjennomførte. Skulane må ha system for å gjere fraværstimar om til dagsfravær. Sjå elles om føring og kodar i InSchool i eige avsnitt.

Fraværsgrense

Grensa for udokumentert fråvær er 10 % av årstimetalet i fag. Fraværsgrensa gjeld årstimetalet. Elevar med større fråvær enn fraværsgrensa, skal ikkje ha standpunktkarakter eller halvårsvurdering med karakter i faget ved slutten av skuleåret i gjennomgåande fag.



Fråværgrensa gjeld både for halvårsvurdering med karakter ved slutten av skuleåret og for standpunktkarakter.

Rektor kan sjølv avgjere at ein elev med opp til 15 % udokumentert fråvær likevel kan få karakter i eit fag, dersom årsaka gjer at fråværgrensa er urimeleg. Føresetnad for å gje halvårsvurdering eller standpunktkarakter, er at faglærer har tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag.

Sjølv om fråværgrensa ikkje automatisk fører til at faglærer mistar grunnlaget for vurdering, vil den kunne påverke om læraren, uavhengig av vurderingsgrunnlag, kan gi halvårsvurdering med karakter ved skuleårsslutt og/eller standpunktkarakter. Faglærer kan også mangle grunnlag for vurdering sjølv om en elev ikkje har gått over grensa for udokumentert fråvær, til dømes ved høgt dokumentert sjukefråvær.

Sjølv om elevar har meir enn 10% udokumentert fråvær i eit fag, har dei likevel rett til å delta i opplæringa og få undervegsvurdering.

Korleis kan elevar dokumentere fråværet sitt?

Elevar skal levere eigenmelding til skulen for helserelatert fråvær opp til fråværgrensa på 10%. Når elevane har nådd grensa på 10% helserelatert fråvær i eit fag, skal dei leggje fram dokumentasjon.

Elevar skal dokumentere anna fråvær så raskt som mogleg, og dersom det er mogleg skal eleven leggje fram dokumentasjon på førehand. Det er rektor som avgjer om dokumentasjonen er eigna, eller om det er behov for å innhente anna/ytterlegare dokumentasjon.

Sjukdom

Sjukdom når 10% fråværgrensa i fag er nådd skal dokumenterast med attest frå lege eller anna relevant helsepersonell.

Sjukdom som gjer det vanskeleg eller lite føremålstenleg å oppsøke lege for kvart tilfelle, kan dokumenterast med eigenmelding i kombinasjon med anna type dokumentasjon. Dette kan til dømes vere legeerklæring som seier at eleven har kronisk sjukdom, eller dokumentasjon som syner at eleven er til utgreiing eller oppfølging av u-diagnostisert sjukdom.

Verv, hjelpearbeid eller arrangement

Ved verv, hjelpearbeid eller arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå til dømes innanfor kultur eller idrett. Fråvær skal dokumenterast av den organisasjonen det gjeld.

Velferdsgrunnar

Velferdsgrunnar, til dømes gravferd eller omsorg for eige barn, kan eventuelt dokumenterast med erklæring frå føresette eller eigenmelding dersom eleven er over 18 år.

Organisert studiearbeid og skuleadministrative gjeremål

Organisert studiearbeid og skuleadministrative gjeremål som er avtalt med faglærer på førehand blir ikkje rekna som fråvær. At organisert studiearbeid ikkje blir rekna som fråvær, inneber at arbeidet er ein del av opplæringa og dannar grunnlag for å kunne få vurdering, jf. § 9-16 og § 9-11, jf. § 9-1. Skuleadministrative gjeremål kan til dømes vere elevrådsarbeid. Arbeidet må vere avtalt på førehand. [Sjå merknadar til forskrifta.](#)

Føring av fråvær på vitnemål og kompetansebevis

Som hovudregel skal alt fråvær førast i dagar og enkelttimar (klokketimar) på vitnemål og kompetansebevis. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar. Føring av fråvær på vitnemål og



kompetansebevis gjeld samla for alle faga og skal ikkje koplast til karakterar i fag. Fråvær på vitnemålet og kompetansebevis skil heller ikkje om fråvær er dokumentert og udokumentert.

Elevar kan krevje at årsaka til fråvær blir ført på eit vedlegg, dersom det føreligg dokumentasjon på fråværet.

Føring av fråvær i InSchool

Fråvær skal førast i InSchool snarast etter at timane er gjennomførte. Skulane må ha system for å gjere fråværestimar om til dagsfråvær.

Kodar som skal nyttast:

Kode	Skildring	Forklaring	10% fråvær	På vitnemålet
X	Udokumentert fråvær	Blir brukt ved fråvær utan melding eller dokumentasjon	Ja	Ja
D	Dokumentert fråvære	Ulik kode før og etter 10% D Blir brukt på fråvære der eleven har fått dokumentasjon frå helsepersonell som til dømes lege, tannlege, psykolog, fysioterapeut, BUP etter at eleven har nådd 10% fagfråvær	Ja og Nei	Ja OBS §9-53 sjå under
		Dette skal førast med D både før og etter 10% Fråvære som er - velferdsforhold (gravferd og bryllaup) - politisk arbeid - hjelpearbeid - lovpålagt oppmøte - deltaking på nasjonalt og internasjonalt nivå - religiøse høgtider - følgjande delar av køyreopplæringa: - sikkerheitskurs på bane (4t) - sikkerheitskurs på veg (9t) - førarprøve for klasse B (både teoretisk og praktisk prøve)	Nei	Ja OBS §9-53 sjå under
M	Udokumentert fråvær med melding	Eleven har informert om årsak til fråværet. Denne kjem automatisk om eleven melder frå om fråværet i InSchool	Ja	Ja
	Udokumentert helserelatert fråvær med eigenmelding	Eigenmelding for helserelatert fråvær tel som dokumentasjon opp til 10% i faga (10-dagarsregelen), men skal teljast som fråvær i fag og det skal difor nyttast kode M. Elevar med dokumentasjon på kronisk sjukdom har utvida eigenmeldingsrett.	Ja	Ja og Nei
R	Rettigheitsarbeid	Blir brukt når eleven er - med i elevrådet - på ekskursjonar med eit anna fag - samtale med rådgjevar, helsesjukepleiar, RLT/OT, leiinga - intervju til læreplass - privatisteksamen i framandspråk - andre privatisteksamenar som er nødvendig for å få vitnemål	Nei	Nei



		- NUS eksamen - Uføresette hendingar som eleven ikkje rår over t.d. trafikale utfordringar (rektor avgjer)		
!	Andre skulerelaterte aktivitetar	Skal nyttast når: - det er planlagt anna opplæring i økta - økta blir gjennomført på anna tidspunkt	Nei	Nei
§	Søknad om fråtrekk etter §9-53	Denne kjem automatisk etter at eleven har søkt	Nei	Nei

Krav om at inntil 10 skuledagar ikkje vert førte på vitnemålet/kompetansebeviset

Forskrift til opplæringslova § 9-53 gjev elevane høve til å krevje at inntil 10 skuledagar ikkje vert førte på vitnemålet/kompetansebeviset. Grunnar der elevane kan krevje dette er følgjande:

- Sjukdom eller andre helseforhold
- Velferdsforhold
- Arbeid som tillitsvald (ikkje skulerelatert)
- Politisk arbeid
- Hjelpearbeid
- Lovpålagt oppmøte
- Representasjon på arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå

Fråvær på grunn av sjukdom eller andre helseforhold må ha vart i meir enn 3 dagar for ikkje å bli ført på vitnemålet eller kompetansebeviset, og det er berre fråvær frå og med den fjerde dagen som kan strykast.

Dersom ein elev har ein dokumentert risiko for fråvær på grunn av nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom, kan fråværet likevel strykast frå og med den første fråværsdagen.

Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, kan krevje at fråvær på opp til 2 dagar i samband med ei religiøs høgtid ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset. Dette gjeld berre innanfor ramma på 10 skuledagar.

Elevane skal søkje om dette i InSchool. For å søkja må det vera ført dokumentert dagsfråvær på den/dei dagane elevane søker på. Elevane søker om dette under elevsøknader og vel søknaden fråtrekk av fråvær, der dei forklarar kva som er grunnen til fråvær. Søknaden skal behandlast av leiinga på skulen.

Grunnlag for vurdering

Grunnlaget for sluttvurdering er den samla vurderinga av eleven sin kompetanse ut frå kompetansemåla i faget ved avslutninga av opplæringa.

Elevar skal vere kjende med kva som blir vektlagt i fastsetjinga av standpunktkarakter. Elevane skal òg ha moglegheit til å syne kompetansen sin på fleire og varierte måtar. Kompetanse som eleven har synt i løpet av opplæringa, er ein del av vurderinga når standpunktkarakteren skal fastsetjast. Eleven har sjølv eit ansvar for å vere til stades, delta aktivt, og undervegs syne kompetanse som har betydning for standpunktkarakteren.

Vedtak om å ikkje sette standpunktkarakter

Det å ikkje gje standpunktkarakter i eit fag, er eit enkeltvedtak. Det er rektor sitt ansvar å fatte eit slikt vedtak. Enkeltvedtak om ikkje å sette standpunktkarakter i eit fag skal ikkje fattast før eleven har fått moglegheit til å legge fram eventuell dokumentasjon. Det er klagerett på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter. Klagefristen er 10 dagar, og Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans.



Vedlegg 1:

Avklaring elevforhold

Elevar som går ut heile skuleåret skal ikkje ha avbrotsdato. Elevar som har fått karakter i halvårsvurdering 2 og/eller standpunkt/eksamen i alle sine fag må stå som elevar på skulen og heller få fråvær dei siste dagane ut skuleåret.

Forslag til tekst i avklaringsbrev

Vi syner til tidlegare telefonar/samtalar/e-postar.

Du har ikkje delteke i opplæringa den siste tida. Vi håper at du kan ta kontakt slik at vi kan hjelpe deg til å komme tilbake på skulen. Dersom du ikkje ønskjer å vere elev, må du kan seie frå til oss.

Ta snarast kontakt med:



Vedlegg 2

Hugseliste for " Systematisk oppfølging av fråvær"

- **Dokumentasjon:** Skulen må sørge for at elevane leverer dokumentasjon på fråvær. Kontaktlærer følgjer opp heilskapleg fråvær.
- **Fråværsføring:** Før fråvær i InSchool snarleg. Bruk rett kode for dokumentert og udokumentert fråvær.
- **Tidleg varsling:** Varsle elevar og føresette når fråværet når 5% (bruk skjønn i små fag). Dokumenter varslinga i InSchool
- **Samtale:** Inviter til samtale med elev og føresette når fråværet nærmar seg 10%. Dokumenter samtalen i eige skjema som automatisk blir lagra i Elements.
- **Tiltak:** Diskuter og implementer tiltak ved høgt fråvær i samarbeid med elev og føresette. Vurder om det er aktuelt å kople på OT-rådgjevar
- **Oppfølging:** Kontaktlærer har ansvar for å følgje opp fråvær kontinuerleg og ta det opp i klasseteammøte.



Vedlegg 3

Oppfølgingssamtale frávær elev/føresette

Årsak til fráværet:

Stort frávær: (tal dagar og timar)

Ikkje vurderingsgrunnlag: Ja/Nei

Gjeld faga:

Samtale:

Forslag til spørsmål for å få i gong samtalen sjå under

Oppsummering av samtalen.

Avtal korleis ein skal arbeide med fráværet

Dersom årsaka til fráværet no er komme fram, kan avtaleskjema på neste side fyllast ut.

Dersom årsaka til fráværet framleis er uklårt, må det avtalast eit nytt møte der avdelingsleiar/rektor deltek.

Eventuell ny avtale:

Tidspunkt for ein eventuelt ny samtale

Forslag til spørsmål:

Spørsmål til elev: Trivsel/venner/likar å gjere utanom skuletida/ubehag i skuletida/spesielle fag som eleven ikkje likar? Er det vaksne på skulen eleven ikkje har eit godt forhold til? Trygt og godt skulemiljø? Kva gjer eleven når eleven ikkje er på skulen? Korleis ynskjer eleven at skulekvardagen skal vere?

Spørsmål til føresette: Korleis oppleve du at namn på elev trivest på skulen? Korleis har eleven det på fritida? Kan det vere forhold på skulen som gjer at elev har frávær? Er det noko de har behov for hjelp til? Kva kan skulen gjere for å få eleven til å komme på skulen?

Vedlegg 4

Tips og tiltak til korleis skape eit trygt og godt klassemiljø

- Ver ein tydeleg klasseleiar. Ver tydeleg og open om kva du forventar av elevane, og kva dei kan forvente av deg.
- Vis at du har tydelege (faglege) forventningar til elevane, men ha eit opent sinn og hugs at ditt fag ikkje er det einaste faget dei har.
- God variasjon i timane og elevaktive aktivitetar kan bidra til å styrke relasjonar.
- Opne opp for at ein kan snakke saman om korleis undervisninga skal vere, kva ein synest er spennande med faget, korleis ein likar å jobbe, kva vurderingsform ein ynskjer. Dette kan diskuterast i heil klasse eller i grupper, men bør også gjerast jamleg skriftleg og anonymt.
- Ved å gje elevane ein invitasjon til å medverke i korleis dei ynskjer å arbeide med faget, opplever elevane seg sett og høyrte. Elevane sin læring må vere i fokus.
- Det er viktig for elevane at du viser at du har tru på dei. Elevane treng oppgåver og utfordringar som dei meistarar. Meistring kan gje auka motivasjon, glede for faget og ønske om å lære meir.
- Elevsamtalane er eit fint høve til å snakke med elevane om korleis dei har det, både i ditt fag, på skulen som heilskap og elles i livet. Her kan du og legge til rette for individuelle tilpassingar viss elevane treng det.
- For alle elevar, men spesielt for dei elevane som er veldig stressa og «pressa» , er det viktig å løfte fokuset frå prestasjon og karakterar til arbeid og utvikling undervegs. Karakterdempa undervisning kan bidra til å fjerne noko stress og press.
- Lag gjerne eigne mål for eleven, saman med eleven.
- Klassen bør lage gode klassereglar for korleis dei ønsker å oppføre seg mot kvarandre. Læraren må ta ansvar for at dette arbeidet blir gjennomført, og hjelpe elevane med påminning og etterleving.
- Bruk tid på å organisere plassering av elevane i klasserommet slik at elevane kjenner seg trygge, men og har god arbeidsro.

Bruk moglegheitene til å ta med elevane ut og få til læring utanfor klasserommet. Bruk tid på å bli kjend med elevane og klassen gjennom ulike aktivitetar - ha det gøy saman.

Vedlegg 5

Korleis kan skulane følgje opp fråvær ved hjelp av Qlik?

Ved å nytte Qlik kan skulen kartlegge tidleg hente inn informasjon om nye elevar, og lage gode rutinar for å følgje opp og setje inn tiltak der det er nødvendig.

Identifisere elevar med høgt fråvær i Qlik.

Skulen kan bruke Qlik til å identifisere elevar som kan ha risiko for å få høgt fråvær.

- Gjennomgang av Qlik inntak – grunnskulefråvær- elevar i «faresone»
- POB totalfråvær viser fråværsprosent frå *poengberegne skole* (i døme under frå grunnskulen)

Elevdetaljer

Startside

Informasjon

Gruppeoversikt

Elevdetaljer

Skole

Q Nivå

vg 0

vg 1

vg 2

Utdanningsprogram

Studiespesialisering

Bygg- og anleggsteknikk

Elektro og datateknologi

Frisør, blomst, interiør og eksponeringsdesign

Helse- og oppvekstfag

Håndverk, design, produktutv.

Elevgruppe

Fnr

Elevnavn

1. ønske og <25GSP

Ikke 1. ønske og <38GSP

Antall T1 kar IV, 1 og 2

Antall kar IV, IM, 1 og 2

POB- totalfråvær

				12	13	48,4%
				7	15	44,5%
				4	9	44,5%
				4	5	40,4%
				0	7	38,6%
				0	1	38,5%
				5	10	37,0%
				0	1	35,7%
				0	13	33,9%
				7	8	31,9%
				5	8	31,1%
				4	5	30,9%
				0	0	29,7%



Korleis følgje opp fråvær undervegs i skuleåret i InSchool?

Faglærer identifiserer og følgjer opp fråvær i sine fag. Leiargruppa på skulen må jamnleg drøfte elevfråvær og aktuelle tiltak gjennom skuleåret. For å få ei oversikt kan du velje udokumentert fråvær for oversikt:

Registrer oppmøte

BIOLOGI 1 / C-BLOKK BIOLOGI 1 (9 ELEVAR)

Søk elev		Vis elevfoto	Vis udokumentert fråvær			
☐	ELEV		08:30 - 09:15	09:25 - 10:10	ANMERKNINGAR	
☐	Charles Kosolyuthasarn	0.00%	D	D	+ Legg til	
☐	Ghenet Thorsen	0.00%	✓	✓	+ Legg til	
☐	Joseph Karlsen	0.00%	✓	✓	+ Legg til	
☐	Julian Winther-S	0.00%	X	X	+ Legg til	
☐	Kristina Steinset	0.00%	✓	✓	+ Legg til	
☐	Margrethe Muhire	0.00%	✓	✓	+ Legg til	
☐	Musleh Haukedal	0.00%	✓	✓	+ Legg til	
☐	Petter Helsingreen	0.00%	✓	✓	+ Legg til	
☐	Yuen-Lai Gidske	0.00%	✓	✓	+ Legg til	

Kontaktlærer har fortløpande ei oversikt over totalfråværet i sin klasse:

Visma InSchool

2024/2025

Benjamin Holmestad Lørd

Startside

Undervisning

Klasser

Elevlar

Elevoversikt

Personalia

Sentrare elevoversikt

Fravær

Timoppgitt

Ordn og opptastel

Klasser og grupper

Inntek

Vurderinger

Mine skoleadar

Lærjeplan

Eksemeneoppgitt

Samarbeid

Timetale

Kontaktskema

Stavende 2 Elevlar 3 Kontaktlærere

Elevlar

Elevar

Kontaktlærere

Kontaktlærere

Tom filter

FORNÅVN

ETTERNÅVN

ELEV OVER 18

HYBELADRESSE

FRÅVÆR

MERKNADAR

VÅGELERIV

KLASSE

LAGE KARAKTERAR

Skriv for å filtrere

Skriv for å filtrere

Vel alternativ

Vel alternativ

Skriv for å filtrere

Christine-Robin

Ghenet

Thorsen

Schlensbach

Joseph

Karlson

Ja

Ja

Ja

Ja

04.10

04.10

04.10

04.10

0

0

0

0

10TA

25TA

25TA

25TA

0


0

0

0

0

Kontaktlærar kan vidare gå inn på enkeltelevar for å få oversikt over detaljert fråvær:



Du kan også få ein rapport over fråvær i InSchool

- Vel Rapport – Fråværsrapport – vel klasse
- H1/H2 udokumentert fråvær – sorter på dei med høgst timefråvær
- H1/H2 Dokumentert fråvær – sorter på dei med høgst timefråvær

Slik kan du laste ned rapporten i Excel for å jobbe meir systematisk, filtrere sortere og rangere fråvær:

